



Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes




2017 | 2018
TURISTVEGARBEIDET



Statens vegvesen

3	Forord
4	I gang med Vøringsfossen og Gjende
6	Turistveganleggene 2017-2018
8	Verdiskaping langs Nasjonale turistveger
10	Rakettskytefelt utfordrer Nasjonal turistveg Andøya
12	Nytt turistvegsted i Lofoten
14	Ureddplassen
16	Økonomi og framdrift
20	Nasjonale turistveger med internasjonalt gjennomslag
22	Nasjonale turistveger inspirerer



FORORD

2024 skal attraksjonen Nasjonale turistveger skina. På atten strekningar frå Jæren i sør til Varanger i nord får den vegfarande oppfylt dei høge forventningane sine til Noreg som unikt reisemål. Dei gode møta med fjord, fjell og kyst på 195 rasteplassar, utsiktspunkt og andre tilrettelagte stader er forsterka med spenstig arkitektur og kunst. Perlene finst, dei er funksjonelle, dei er oppdaterte og dei er ryddige og reine. Fem slike blir opna i mai og juni 2018 etter eit målretta arbeid i 2017.

Frå 2018 til 2023 skal 46 nye tiltak på plass slik at attraksjonen står fram som komplett i 2024, same kva strekning ein besøker. Dette målet er slått fast i Nasjonal transportplan 2018 - 2029, Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2018 - 2023 og Samferdselsdepartementet sine årlege budsjett.

Fire av ti særskilte attraksjonar må gjennomførast før vi er i mål. Vi er i gang med dei to største - Vøringsfossen, der første etappe skal få si offisielle opning sommaren 2018 - og Gjende, der spaden blei sett i jorda seinhausten 2017. Vi er også på god veg med planlegging og gjennomføring av dei andre 44 prosjekta.

Turistsesongen 2017 viste kor krevjande det er å halda alle dei mange rasteplassane langs det store riks- og fylkesvegnettet i orden til ei kvar tid. Ikkje minst gjeld dette høgt profilerte turistvegpunkt som Stegastein. Her skal vasstilgangen og toalettkapasiteten forsterkast til fellesferien i 2018. Turistveggjestene sine behov vil også bli møtt med toalett på alle dei nye plassane som blir opna i 2018, drifta av Statens vegvesen og fylkeskommunane slik det er føresett i dei strekningsvise avtalane for drift, vedlikehald og forvaltning av nasjonale turistvegar.

Nasjonale turistvegar er ei målretta statleg satsing som middel for styrka næringsliv og busetjing. Ein rapport frå Menon i 2017 stadfestar at verdiskapinga er på gang og byrjar bera frukter i Varanger og i Rondane. Ein ringerunde til aktørane stadfestar det same på fleire av strekningane.

Men det er mykje å gå på, ikkje minst for fylkeskommunane, kommunane, reiselivsorganisasjonane og aktørane som skal ta Nasjonale turistvegar i bruk og gi kvalitetsbevisste turistar god service, interessante opplevingar og spennande aktivitetar.



Jan Andresen
Seksjonsleiar
Statens vegvesen, Turistvegseksjonen



Vøringsfossen, Nasjonal turistveg Hardangervidda. Foto: Jørn Hagen
Ny plattform og nye gangstier ved Fossli. Foto: Kjersti Wold
Trappebro, byggestart 2018. Illustrasjon: Carl-Viggo Hølmebakk AS Arkitektkontor

I gang med Vøringsfossen og Gjende

Ti spektakulære natur- og kulturattraksjonar får sitt løft gjennom satsinga på Nasjonale turistvegar. Seks av dei er gjennomført. No er det opplevinga av Vøringsfossen og Gjende som skal foredlast.

VØRINGSFOSSEN. Aust går over til vest og Hardangervidda blir til Måbødalen. Der stadfestar Vøringsfossen inngangen til vestlandet med eit totalt fall på 182 meter. Vassdraget er regulert, men med ei sommarvassføring på 11,5 kubikkmeter i sekundet er fossen framleis ein av dei mest besøkte naturattraksjonane i landet.

Det første byggetrinnet på Vøringsfossen får si offisielle opning juli 2018. Dei besøkande vil få ei luftig og sikker oppleving av fossen, dalen og den storslagne starten på dei vestlandske fjordane. Fossli hotell får ein komplett attraksjon rett utanfor døra og reiselivet ein spennande attraksjon til bruk i planlegginga av rundreiser og marknadsføringa av reisemålet Noreg både her heime og internasjonalt.

2018 blir også startåret for den spektakulære trappebrua som skal binda Fossli og Fossetromma (aust og vest) saman. Brua ligg oppstraums fossen og vil få tilkomst via utbetra kløvsti og ny tilkomstveg. Dette andre byggetrinnet skal stå klart til bruk til sommarsesongen 2020.

GJENDE. Gjende er ein av innfallsportane til Jotunheimen og ein viktig fjellterminal der bilveg og stiar møter Gjendebåten og DNT-hytta Gjendesheim. I dag er utsynet mot Gjendevatnet fylt av parkerte bilar på dominerande parkeringsplassar. Gjennom turistvegsatsinga skal naturopplevinga få att overtaket. All gjesteparkering skal flyttast til utvida parkeringsplass ved Reinsvangen like ved fylkesveg 51. Her skal det byggjast nytt toalett. Ny brygge med tilhøyrande bryggehus skal betra tilhøva for Gjendebåten.

Arbeidet med brygge og parkeringsplass starta hausten 2017. I starten av 2018 blir bryggehuset og toalettet lyst ut på konkurranse med sikte på at alt dette skal vera klart til sesongen 2019. Innan 2020 skal også ei gangbru over Sjoa med tilhøyrande sti og parkeringsplass for dei som har rettar i området vera på plass. Siste byggetrinn er nytt servicebygg med kafe/kiosk og toalett som skal stå ferdig 2022/2023.



Nytt bryggehus ved Gjendeosen. Illustrasjon: Arkitekt Knut Hjeltnes

VØRINGSFOSSEN

Arkitekt: Carl-Viggo Hølmekvakk

Byggherre: Statens vegvesen,
Turistvegseksjonen

Hovedentreprenør: Mesta AS

GJENDE

Arkitekt: Knut Hjeltnes,
Sivilarkitekt MNAL

Byggherre: Statens vegvesen,
Turistvegseksjonen

Hovedentreprenør første

kontrakt: Brun bygg



1. Tegning: KAP. 2. Foto: Harald Christian Eiken. 3. Foto: Lars Grimsby. 4. Foto: Pushak AS. 5. Illustrasjon: manthey kula

Turistveganleggene 2017-2018

2018 åpner Statens vegvesen fem nye turistveganlegg etter en intens byggeperiode i 2017.

Først ut i mai er Ureddplassen på Helgelandskysten med spennende toalettbygg, utsiktsamfi og krigminnesmerke på ny sokkel. Deretter følger rasteplassen ved den gamle offerplassen Bukkekjerka på Andøya, den fargeglade rasteplassen Skreda i Lofoten og rasteanlegget Ostasteidn i Ryfylke, der vegavdelinga i Rogaland har stått for bygginga. På alle disse stedene tilbys det toaletter til de vegfarende.

Som en grand finale av årets åpninger blir første etappe av attraksjonen Vøringsfossen åpnet i starten av juli. Utsiktsanlegget med vidsyn mot foss, dal og fjell ble prøvebrukt i 2017 og med toalettet på plass er hele anlegget nedenfor det gamle trehotellet på Fossli ferdig.

ÅPNET I 2017:

4 Storberget, Havøysund

Utsiktspunkt

Arkitekt: Pushak AS

Vestre Jacobs elv og Ekkerøya, Varanger

Fuglekikkerskjul

Arkitekt: Biotope

I GANG:

Gjende, Valdresflye

Brygge og lager ved Gjende

Parkeringsplass med toalett på Reinsvangen

Arkitekt: Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS

Flye 1389, Valdresflye

Varmestue med kafe og toalett

Arkitekt: Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS

ÅPNES I 2018:

1 Ostasteidn, Ryfylke

Rasteplass med toalett

Arkitekt: KAP

Byggherre: Statens vegvesen, Region vest

3 Ureddplassen, Helgelandskysten

Rast, toalett og utsiktsterrasse

Arkitekt: Haugen / Zohar Arkitekter AS

Landskapsarkitekt: Landskapsfabrikken

2 Bukkekjerka, Andøya

Rast, toalett, sti

Arkitekt: Morfeus arkitekter

5 Skreda, Lofoten

Utsikt, rast og toalett

Arkitekt: manthey kula

Vøringsfossen, Hardangervidda

Nasjonal attraksjon byggetrinn 1

Utsiktsplattformer, toalett og parkering

ved Fossli hotell

Arkitekt: Carl-Viggo Hølmekbakk

BYGGESTART 2018:

Jøl bru, Gamle Strynefjellsvegen

Gangbru og rast ved vegminne

Arkitekt: 3RW, Sixten Rahlff

Vøringsfossen, Hardangervidda

Byggetrinn 2; trappebru og tilkomstveger

Arkitekt: Carl-Viggo Hølmekbakk

Borestranda, Jæren

Toalett, parkering

Arkitekt: Lie Øyen Arkitekter

Hølllesli, Ryfylke

Rast med utsikt over Lysefjorden

Arkitekt: Lie Øyen arkitekter



Trekkplaster i Varanger. Steilneset minnested; til ære for de 91 mennesker i Finnmark som ble offer for trolldomsforfølgelsene på 1600-tallet. Arkitekt: Peter Zumthor. Foto: Jarle Wæhler

Verdiskaping langs Nasjonale turistveger

Det overordnede målet med turistvegprogrammet er å styrke næringslivet i distriktene. En rapport fra sommeren 2017 viser at dette skjer.

I juni 2017 publiserte analyseselskapet Menon Economics på oppdrag av Statens vegvesen rapporten «Effektmåling av Nasjonale turistveger. Lokaløkonomiske effekter av de nasjonale turistvegene Rondane og Varanger». Analysene viser at reiselivsbedriftene langs disse to strekningene har hatt en merkbart sterkere verdiskaping enn sammenlignbar næring i regionen.

Bedriftene ved turistvegen i Rondane har ifølge analysen hatt en vekst som er over dobbelt så sterk som lignende bedrifter i tilsvarende områder på Østlandet og i landet for øvrig. «Dette tyder på at arkitekturen og oppmerksomheten har skapt positive virkninger for lokalt reiseliv» konkluderer rapporten. Langs Nasjonal turistveg Rondane er 39 bedrifter blitt analysert.

Langs vegen i Varanger har reiselivsbedriftene hatt en verdiskapingsvekst på 15 prosent i året i perioden 2010 til 2015. Dette er langt høyere enn hos tilsvarende referansebedrifter i Finnmark og Nord-Norge, og anses i rapporten som en «svært sterk utvikling». Langs Nasjonal turistveg Varanger er 44 bedrifter blitt analysert.

I en egen dokumentasjon avdekker Turistvegseksjonen de samme positive funn og trender for næringsutviklingen langs Andøya, Gaularfjellet og Ryfylke. Dokumentasjonen bygger på et omfattende intervjumateriell gjennomført våren og sommeren 2017.



Sjokoladelåven på Nordre Nesset i Sollia, Nasjonal turistveg Rondane.
På bildet: Elise Nesset og Håkon Edvard Nesset. Foto: Helge Stikbakke



Utsikt mot Børvågen, der det finnes planer for raketttskytebase. Foto: Torunn Tronsvang



Arbeid med servicebygg ved rasteplass Bukkekjerka, Nasjonal turistveg Andøya. Foto: Torunn Tronsvang, Hugo Fagermo

Rakettskytefelt utfordrer Nasjonal turistveg Andøya

Nasjonale turistveger må driftes, vedlikeholdes og forvaltes slik at strekningene oppfyller de høye krav og forventninger, som stilles til kjøreturene og de tilrettelagte stoppene som er attraksjonens særpreg.

Slik forvaltning handler blant annet om å unngå tiltak som svekker unike landskapskvaliteter og turistvegsatsingens egenart. Turistveginstallasjoner og opplevelsesrike landskapsrom må derfor bli passet nøye på til fortsatt glede for vegfarende og reiselivsnæringene.

Rett sør for Børvågen langs Nasjonal turistveg Andøya ligg fjellformasjonen Bohkegeargi. Dette er et fredet samisk kulturminne der naturen har bygd både alter og prekestol. De siste 50-60 årene er det her blitt holdt en årlig friluftsgudstjeneste som trekker folk fra hele distriktet. I førkristen tro var plassen et hellig sted, der samer ofret til gudene, noe offerhula på sjøsiden vitner om. Det nye i området er rasteplassen Bukkekjerka. Fra toalettet blir det utsikt mot vågen og havet utenfor gjennom byggets glassvegg. Børvågen og fyret på odden kan besøkes via forsterkede stier. Rast blir mulig både nord og sør for fjellknausen.

Rasteplassen blir åpnet i juni 2018. Sammen med utsiktspunktet Kleivodden fra 2013 framstår da strekningen som helhetlig med to solide turistvegattraksjoner, men som utfordres av tiltak som kan bety svært uheldige landskapsinngrep.

I november 2017 ble det varslet oppstart av områderegulering for Andøya Space Port i Børvågen og på Bømyra. Slike rakettskytebaser vil bety omfattende naturinngrep på viktige og sårbare deler av Nasjonal turistveg Andøya. I Børvågen rett nord for Bukkekjerka er det tenkt utskytingsramper ute i havet med tilhørende atkomstveger samt tekniske installasjoner i en flott strandsone. Sammen med selve driften av anlegget vil Bukkekjerka bli ødelagt som turistvegsted og den statlige investeringen være bortkastet. Bømyra er heller ikke en heldig lokalisering i forhold til områdets reiselivspotensiale, men vil trolig kunne aksepteres i forhold til turistvegens kvalitetskrav dersom det tas nødvendige hensyn til omgivelsene.

Statens vegvesen med sitt eieransvar for attraksjonen Nasjonale turistveger har derfor i sin i uttalelse i desember 2017 varslet at dersom Børvågen tas i bruk som rakettskytebase vil fv. 976 sine turistvegkvaliteter bli så svekket at strekningen ikke lenger kan forsvare sin plass i attraksjonen Nasjonale turistveger.

Arkitekt: Morfeus arkitekter

Landskapsarkitekt: Landskapsfabrikken - Aaste Gulden Sakya

Byggherre: Statens vegvesen, Turistvegseksjonen

Entreprenør: Veidekke



Skreda rasteplass med toalettbygg og informasjonstavle. Foto: Steinar Skaar.



Nytt turistvegsted i Lofoten

De nasjonale turistvegene må skinne når turisten er der. Dette handler om drift og vedlikehold, men også om at slitte steder får sin nødvendige fornying. For omdømmet og troverdigheten til de atten vegene som skiltes og markedsføres som en turistattraksjon, er dette avgjørende.

Rasteplassen Skreda på vestsiden av Nappstraumen i Lofoten ble etablert på 1980-tallet på en vegfylling 20 meter over havnivå. Etter hvert ble plassen preget av et utdatert toalett og nedslitte og gjengroddesittegrupper. Standarden var ikke lenger verdig ett av Norges mest profilerte reisemål.

Fra sommeren 2018 inviteres de vegfarende på flott havutsikt fra en plattform med fargeglade møbler. Toalettet og informasjonen ble oppdatert allerede i 2016. Nå er også rastedelen fullført. Tilgroddes områder av gress og krattskog er ryddet bort, volene som stengte for utsikten borte og sykkelstativet på plass.

Plassen er et illustrativt eksempel på etablerte og flotte steder som bærer preg av slitasje og forfall etter bruk i kanskje flere titalls år. Statens vegvesens oppgave gjennom turistvegsatsingen er da å styrke opplevelsen ved å løfte frem stedets kvaliteter med bruk av ny arkitektur og forming av landskapet.

Arkitekt: manthey kula

Byggherre: Statens vegvesen, Turistvegseksjonen

Hovedentreprenør: Lofot Entreprenør AS



Skreda rasteplass i ny skrud. Illustrasjon: manthey kula.



Skreda før ombygging. Foto: Lars Grimsby



Benker av polert kalkspatmarmor fra Fauske. Foto: Steinar Skaar



Amfitrapp på Ureddplassen. Foto: Lars Grimsby



Ureddplassen

Summen av unik natur, nyskapende arkitektur, spennende historier og god atkomst til landskapet gir de vegfarende de store opplevelsene.

Slike steder inspirerer arkitekter, ingeniører og entreprenører til å forme og gjennomføre de gode løsningene. Ureddplassen langs Nasjonal turistveg Helgelandskysten som åpnes i juni 2018 er et eksempel på dette.

Ureddplassen ligger vakkert til mellom steilt fjell og åpent hav, og tilbyr vidsyn, nordlys og midnattssol til de skuelystne. Her på grensen mellom kommunene Meløy og Gildeskål ble et minnesmerke for den norske ubåten Uredd avduket av kong Olav den 18. juni 1987. Ubåten gikk på en tysk mine i Fugløyfjorden og sank på et oppdrag langs norskekysten i februar 1943. Alle 42 om bord omkom. Båten ble funnet sørvest for Fugløyvær på 105 meters dyp i 1985, og i mars året etter ble vraket erklært som krigsgrav.

I løpet av 2017 har rasteplassen fått et nødvendig løft og blitt et moderne landemerke langs fylkesveg 17. Natur, arkitektur og historie sammen med den praktiske tilretteleggingen byr på det ekstra som stedet skal gi vegfarende og fastboende. Minnesmerket har fått ny sokkel. Toalettbygget i betong og glass slipper ut stemningsfullt lys i kveldsmørket. Utsiktsterrassen i fronten av parkeringsplassen som er utstyrt med elegante sittebenker i Fauskemarmor, sklir over i et amfi ned mot en uberørt strandsonne. Her har man på godværsdager utsikt helt til Lofoten.

Arkitekt: Haugen / Zohar Arkitekter AS

Landskapsarkitekt: Landskapsfabrikken - Inge Dahlman

Byggherre: Statens vegvesen, Turistvegseksjonen



Krigsmonumentet på Ureddplassen Foto: Steinar Skaar

Økonomi og framdrift

Utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistveggar starta opp i 1994 etter eit initiativ frå Stortinget om å sjå nærare på kombinasjonen veg og reiseliv. På bakgrunn av erfaringane frå eit prøveprosjekt ga Stortinget i 1998 Statens vegvesen klarsignal til å vidareføra arbeidet. Satsinga er sidan følgt opp av Regjeringa og Stortinget gjennom mange generasjonar Nasjonale transportplanar og dei årlege statsbudsjetta for Samferdselsdepartementet.

I 2012 blei dei 18 strekningane med ei lengde på 1991 km skilta som Nasjonale turistveggar sjølv om ein var knapt halvveges i satsinga. Etter den tid er lengda auka til 2151 km som følgje av justering av Nasjonal turistveg Ryfylke samt turistvegstatus på elleve avstikkarar. Med fullføring av eit program på 46 tiltak a i åra 2018 - 2023, vil alle 18 strekningane stå fram som gode nasjonale turistveggar i løpet av 2023. I vidareutviklinga av attraksjonen framover mot 2029 inngår 55 attståande tiltak.

Statens vegvesen har teke initiativ til ei gjennomgripande opprusting og kvalitetsheving av i alt ti særskilte attraksjonar langs dei Nasjonale turistvegane. Dei fleste av desse har gjennom mange år vore nytta som fyrtårn i marknadsføringa av det norske reiselivsproduktet til tross for stor slitasje, mangelfull tilrettelegging og dårleg tryggleik.


Planlegging, gjennomføring og oppfølging av dei ti særskilte attraksjonane til og med 2023 er kostnadvurdert til 1460 mill.kr., finansiert med 1210 mill.kr. frå Nasjonale turistveggar og 250 mill.kr. frå andre offentlege aktørar (mill.2018 kr). I 2017 var seks av dei ti gjennomført og arbeidet med Vøringsfossen og Gjende i gang.

10 særskilte attraksjonar	Nasjonal turistveg	Fylke	fullført år
Gudbrandsjuvet	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2010
Steilneset	Varanger	Finnmark	2011
Trollstigen	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2012
Steinsdalsfossen	Hardanger	Hordaland	2014
Eldhusøya	Atlantehavsvegen	Møre og Romsdal	2014
Allmannajuvet	Ryfylke	Rogaland	2016
Vøringsfossen	Hardangervidda	Hordaland	2023
Gjende	Valdresflye	Oppland	2022
Torghatten	Helgelandskysten	Nordland	2023
Låtefossen	Hardanger	Hordaland	2023

RESSURSIINNSATS FOR GOD TURISTVEGKVALITET I 2023 OG FULLFØRT PROGRAM INNAN 2029 (MILL. 2018 KR)

	1994 - 2013	2014 - 2017	2018 - 2023	2024-2029	Sum 1994-2029
Nasjonale turistveggar	1710	680	980	570	3940
Andre	200	100	190	50	540
Sum	1910	780	1170	620	4480

PLANLAGT FRAMDRIFT 1994 - 2023 - 2029




UTVIKLING AV INNHALDET PÅ TURISTVEGSTREKNINGANE

Type tiltak	Fullførte prosjekt ved utgangen av			
	2013	2017	2023	2029
Store attraksjonar	3	6	10	10
Rasteplassar/utsiktspunkt	80	92	123	168
Kunstverk i regi av NT	4	6	10	15
Tiltak ved bedrifter, opplevingar, tettstader og ferjeleie	39	45	52	57
Sum	129	148	195	250

Fornyngar og vidareutvikling av gjennomførte tiltak kjem i tillegg og vil krevja stadig meir ressursar. Tap av turistvegkvalitet som følgje av andre utbyggingstiltak, omsynet til villreinforvaltninga som på Hardangervidda og andre forhold vil kunna føra til at etablerte tiltakspunkt må sanerast og at planlagde tiltak kan gå ut. Statistikken vil derfor kunna bli justert frå år til år.

TURISTVEGOMSETNINGA 2006 - 2013 OG 2014 - 2017 (2017-KRONER)



Midlar frå andre til og med 2013 er i stor grad knytt til dei store attraksjonane Gudbrandsjuvet, Trollstigen, Steinsdalsfossen, Eldhusøya og Allmannajuvet. I dei fem åra 2014 - 2018 utgjer innsatsen frå andre 141 mill.kr. Dei største tilskotta er bidraga til attraksjonane Vøringsfossen og Gjende og til gjennomføring av Ostasteidn (Ryfylke), Skjervsfossen (Hardanger) og Flye 1389 (Valdresflye). Om-setjinga blei lågare i 2017 enn føreset som følgje av utsett grunnverv og forsinka oppstart av nye tiltak.

TURISTVEGSATSINGA 1994 - 2017 - 2023 - 2029. FYLKESFORDELING (2018 KRONER)

Fylke	Lengde km	1994-2017 mill.kr	2018-2023 mill.kr	2024-2029 mill.kr.	1994-2029 mill.kr.
Hedmark	69	54	16	32	101
Oppland	127	133	186	33	352
Rogaland	280	337	87	38	462
Hordaland	242	389	366	72	826
Buskerud	18	0	3	3	3
Sogn og Fjordane	227	185	74	71	329
Møre og Romsdal	137	660	26	111	797
Nordland	722	339	154	112	605
Troms	102	49	31	26	107
Finnmark	227	242	47	71	360
Sum	2151	2388	987	565	3940

Den store satsinga i Møre og Romsdal og Hordaland heng saman med at desse fylka har 6 av dei 10 særskilte attraksjonane. Dei fire siste er i Oppland, Rogaland, Nordland og Finnmark. Nordland er det fylket som har flest km turistveg.

NASJONALE TURISTVEG - STREKNINGAR OG LENGDER


Namn	Nasjonal turistveg	Lengde (km)
Rondane	Venabygdsfjellet - Enden - Folldal Sollia kirke - Enden	75
Valdresflye	Garli - Hindsæter med avstikkar til Gjende	49
Jæren	Ogna - Bore	41
Ryfylke	Oanes - Lovraeidet - Hårå med avstikkar til Sand	
	Lovraeidet - Sauda - Hordalia med veg til Ropeid	267
Hardanger	Granvin - Steinsdalsfossen og gamlevegen gjennom Skjervet	
	Norheimsund - Tørrvikbygd, Jondal - Utne, Kinsarvik - Låtefoss	165
Hardangervidda	Eidfjord - Haugastøl	67
Aurlandsfjellet	Aurlandsvangen - Lærdalsøyri	47
Sognefjellet	Lom - Gaupne	108
Gaularfjellet	Balestrand - Eldalsosen - Moskog, Eldalsosen - Sande	114
Gamle Strynefjellsvegen	Grotli - Videsæter	27
Atlantehavsvegen	Kårvåg - Bud	36
Geiranger - Trollstigen	Langevatn - Sogge bru	104
Helgelandskysten sør	Holm - Godøystraumen med avstikkar til Torghatten	434
Lofoten	Å - Raftsundet, med avstikkarar til Nusfjord, Vikten, Utakleiv, Unstad, Eggum og Henningsver	230
Andøya	Bjørnskinn - Andenes	58
Senja	Gryllefjord - Botnhamn med avstikkar til Mefjordver og Husøya	102
Havøysund	Kokelv - Havøysund	67
Varanger	Varangerbotn - Hamningberg	160
Sum		2151

Av den totale lengda på 2151 km er 613 km riksveg og 1538 km fylkesveg.

DISPONERING AV TURISTVEGLØYVINGA

	2017	2018
Fellesutgifter	23,0	22,6
Turistvegseksjonen	18,3	18,5
Rådgiving, kvalitetssikring, profilering	4,7	4,1
Tiltak på strekningane	157,0	157,4
Plan og anlegg stoppunkt	142,5	132,4
Turistveginformasjon og utstyr	2,0	4,9
Fornyng av eks. stopp	12,4	18,6
Planbistand til andre aktørar	0,1	1,5
Løyving	180	180

Fellesutgiftene utgjer om lag 13 % av den årlege løyvinga. Fornyng av eksisterande stopp er ein post som er nødvendig for å halda oppe kvaliteten på turistattraksjonen Nasjonale turistvegar etter kvart som tida går og stadig fleire anlegg står ferdig.



Faksimiler fra NYT, oktober 2017. Turistvegutstilling i Valladolid, Spania, desember 2017. Foto: Lotte Katrine Tollefsen

Nasjonale turistveger med internasjonalt gjennomslag

«Når jeg nå ser tilbake, fremstår min norske «Road trip» som noe av de mest surrealistiske og meningsfylte jeg har gjort, selv etter mange år med opplevelsrike reiser». Dette skriver reiselivsjournalisten Ondine Cohane i New York Times sitt reisebilag søndag 22. oktober 2017.

Cohane beskriver sin reise opp langs Trollstigens skarpe svinger omgitt av et vannfall av sølv og dramatisk skulpterte fjelltopper. Vel opp på Trollstigplatået møter hun et «arkitektonisk under», med cafehuset i betong og sine vindusflater fra tak til golv, den terrasserte vannføringen; «nærmest Zen-Buddhistisk inspirert», og adkomstrampen til den rustbrune utsiktsrampen hengende høyt ut fra fjellet.

Artikkelen i New York Times dekker både forsiden og to fulle sider inne i avisen, og blir estimert til å ha en omtaleverdi på over 23 millioner kroner. Bilagets nettutgave har 30 millioner månedlige besøk med stor spredning internasjonalt, ikke minst til en reisende målgruppe.

Det som i høy grad fenger utenlandsk media og andre formidlere av attraksjonen, er den enkle, særnorske formelen «arkitektur i natur». Den internasjonale interessen for norsk og nordisk arkitektur og natur har i generasjoner vært stor og i senere tid også økende. Turistvegformelen smelter arkitektur og natur sammen til en opplevelsrik kjøretur, som New York Times passende sammenfatter: «In Norway, the Journey Is the Destination».

Et mangeårig samarbeid mellom Statens vegvesen og den norske utenriktjenesten setter også spor. I 2017 resulterte det i et rekordstort antall utstillinger om Norwegian Scenic Routes. Til sammen syv utstillinger ble holdt i samarbeid med ambassaden i Madrid og generalkonsulatene i St Petersburg og Murmansk.

Allerede i Februar 2017 var Norwegian Scenic Routes tema på legendariske Guggenheim museum i New York. I sentrum stod de to turistvegattraksjonene Steilneset i Varanger og Allmannajuvet i Ryfylke, begge tegnet av den verdenskjente arkitekten Peter Zumthor på oppdrag av Statens vegvesen.



Direktør Nina Berre på Nasjonalmuseet – Arkitektur foreleser om Norwegian Scenic Routes på Guggenheim i New York, februar 2017. Foto: Knut Wold

Nasjonale turistveger inspirerer

Stadig flere turister reiser til og i Norge. Da avisene for andre år på rad var fulle av artikler om de negative utfordringene besøksveksten medførte - om parkeringskaos, dopapir, fulle søppelbøtter og unødvendige redningsaksjoner - ville vi i Hvitserk of Norway være med å ta ansvar for utviklingen av norsk reiselivsnæring og bidra til å finne løsningene.

Vi lanserte derfor ideen om Nasjonale turiststier. Fordi det er mange som har fått et forhold til de brune skiltene langs Norges fineste veistreknings, gjorde referansene til reiselivssuksessen Nasjonale turiststier at ideen var lett å forstå. Nasjonale turiststier handler om at vi på noen utvalgte turmål - der situasjonen med stort antall besøkende medfører kaos og slitasje - nå bør gå inn å tilrettelegge litt mer enn det som er vanlig i resten av fjell-Norge.

Vi kan ikke fortsette å invitere tusenvis av gjester ut i naturen vår, uten at vi investerer noen kroner i å ta vare på den. Skal norske turmål forbli attraktive, må vi forvalte naturikonene våre på en god måte. Sånn vi så det, er det derfor nødvendig å investere i tilrettelegging for å håndtere søppel, dobesøk, trafikk, naturforvaltning og sikkerhet.

Siden de første turistene kom hit, har vi visst at norsk natur begeistrer. Statens vegvesen med sin turistvegsatsing i nyere tid viser at norsk natur i kombinasjon med spektakulær arkitektur kan begeistre enda mer. Inspirert av Nasjonale turistveger, foreslo vi derfor at tilretteleggingen som skulle gjøres måtte ha høy kvalitet. Vi så for oss at det skulle legges til rette for og lettere komme på tur med offentlig kommunikasjon, og at vi ved å bygge nød- og pausebuer kunne gi gjestene bedre turopplevelser, samtidig som antallet redningsaksjoner ville bli færre og mer effektive.



Trygve Sunde Kolderup på Stegastein,
Nasjonal turistveg Aurlandsfjellet.
Foto: Marit Vidnes


Så langt har Klima- og miljødepartementet og Sparebankstiftelsen DNB satt av nesten 30 millioner kroner til Nasjonale turiststier. Noe av potten er brukt. Dermed er stiene blitt bedre og søppelet er blitt mindre. Stipaturlje og fjellvakt-tjeneste på flere av turmålene har gitt færre redningsaksjoner og nødbuer har forenklet forholdene for de frivillige, lokale redningsmannskapene.

Nasjonale turistveger har vist vei og inspirert. Fremover skal vi få flere til å oppdage Nasjonale turiststier også. Naturen skal være i fokus, men vi tror kompromissløs arkitektur kan være med på å løfte opplevelsen, øke attraksjonskraften og få enda flere ut.

Det er derfor både folkehelse, lokal verdiskapning, naturvern og arbeidsplasser i riktig tilrettelegging og god arkitektur.

God tur - i bil eller med fjellstøvlr.

*Trygve Sunde Kolderup
Hvitserk of Norway*



HAVØYSUND

VARANGER

SENJA

ANDØYA

LOFOTEN

HELGELANDS-
KYSTEN

ATLANTERHAVS-
VEGEN

GEIRANGER-
TROLLSTIGEN

GAMLE STRYNEFJELLS-
VEGEN

GAULAR-
FJELLET

AURLANDSFJELLET

HARDANGER

RYFYLKE

JÆREN

RONDANE

SOGNEFJELLET

VALDRESFLYE

HARDANGERVIDDA



Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes

18-0357 visuellkommunikasjon@vegvesen.no · Opplag: 1500



Statens vegvesen